


Graderte djupnedata ønskes frigitt til interkommunalt prosjekt.

Marine grunnkart i Sogn og Fjordane; Kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje



I Sogn og Fjordane har 4 kommunar, fylkeskommunen og oppdrettsnæringa gått saman i eit spleiselag med NGU for å utarbeide detaljerte grunnkart av sjøbotn. Prosjektet er avhengig av at dei detaljerte djupnemålingane som NGU har fått tilgang til blir frigitt, slik at vi kan innfri nasjonale krav om ei kunnskapsbasert planlegging og miljøforsvarlig og berekraftig forvaltning av dei marine ressursane våre.

Målet med kartleggingsprosjektet

Prosjektet starta i 2015 og skal lage detaljerte kart som skal vere lette å bruke i arealplanlegging og forvaltning av sjøområda gjennom lett tilgjengelege og standardiserte kart- og datatenester. Prosjektet vil gå over tre år, og omfattar opparbeiding av djupnedata til dei kartprodukta ut til 1 nautisk mil utafor grunnlinja, og vil gje følgjande kartprodukt:

1. Djupnekart med god oppløysing (**Obs:** bruk og distribusjon i høgare oppløysing enn 50 m må godkjennast av forsvaret. NGU søkte forsvaret om dette våren 2015, og fekk avslag)
2. Botnsediment (viser sedimenttypane som t.d. stein, leire, pukk, mudder, fjell)
3. Botnreflektivitet (fortell om kor hard sjøbotn er, der slik informasjon finst tilgjengeleg)
4. Områder for botnfelling (speglar flytting av sedimentar gjennom mange hundre år, kan fortelle om historisk straumar)
5. Ankringstilhøve (viser kor det er trykt å ankre, gjev grunnlag for bruk av spesielle ankre)
6. Gravbarheit (kan bidra til å finne gode trasear for elektriske kablar, fiberkabel, vassrør)
7. Hellingsvinkel på fjordbotn (skråning)
8. Miljøtilstand (tungmetaller (PAH16, PCB7, TBT, THC) og kornfordeling)

Forsvaret har i forskrifter med heimel i Lov om Forsvarshemmeligheter bestemt at detaljerte djupnedata innafor territorialgrensa ved 12 nautiske mil er skjermverdig, det vil seie at data ikkje er offentlege og **skal graderast**. Brukarar utan særskilt løyve har berre tilgang på djupnedata med ein detaljgrad på maksimalt eit punkt per 50x50 meter.

NGU søkte på vegne av prosjektet om å få frigitt djupnedata frå Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Denne søknaden ble avslått av forsvaret.

Lovendring under arbeid

Forslag til lov om ikraftsetjing av straffeloven 2005 mv, ble sendt på høyring juni 2014, med frist 17.09.2014. Denne er fortsatt under arbeid i følge Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine nettsider.

Lov om forsvarshemmegheiter skal opphevast når Straffeloven 2005 trer i kraft, men Forsvarsdepartementet har i forbindelse med høyringsforslaget av Straffelova 2005 bedt om at forbodet mot luftfotografering og opptak av djupnedata i Lov om forsvarshemmegheiter, skal vidareførast.

Kvifor detaljerte kart

Kystsona er utsatt for stort press frå mange aktivitetar. Kommunane er ansvarleg for arealplanlegginga i sjøområda. Detaljerte kart er ei føresetnad for å kunne forvalte og planlegge aktivitetane på ein samfunnsøkonomisk måte som tar omsyn til miljø og naturmangfald.

Skipstrafikk, navigasjon. Gode elektronsike sjøkart med detaljerte djupnedata handlar om tryggleik, lokalkunnskap og sikkerheit for alle som ferdast på sjøen. Skipstrafikken er aukande, trafikkmønster endrar seg, ulike skip med ulik storleik og eigenskapar treng ulike manøvreringsrom. Trong for naudhamner krev detaljert kunnskap òg utanfor hovudleiene.

Oppdrettsnæring. Tredimensjonale terrengmodellar basert på detaljerte djupnemålingar kan utfylle straummodellar, og bidra til at oppdrettsanlegga finn den beste lokaliseringa i høve til miljø og berekraft.

For **fiskerinæringa** kan tredimensjonale djupnekart blant anna vere til nytte for å unngå å skade sårbare korallar.

Energiproduksjon, plassering av vindmøller og andre kraftproduserande installasjonar er avhengig av godt og detaljerte kartlagde sjøområder

Industri eller anna aktivitet som krev plassering og føring av røyrleidningar, eller som treng vurderingar resipienten sin kapasitet for ulike forureining treng detaljert kunnskap om bottilhøva.

Detaljerte djupnekart for større områder vil nyttas til kartlegging av plante og dyreliv og gir oss kunnskap om naturmangfald og økosystem, som er til hjelp for ei miljøforsvarleg og berekraftig ressursforvaltning

Grunnlaget for gradering er uthula


Det er kartverket som samlar inn og forvaltar offisielle djupnedata, men det er etterkvart også mange andre aktørar som har utstyr til å gjennomføre djupnemålingar med multistråleekkolodd. Olex-systemet er eit døme på dette. Alle som skaffar seg tilgang til dette får tilgang til alle data som er samla inn av multistråleekkolodd frå ulike båtar. Dette systemet er satt opp slik at alle innsamla data blir lagra sentralt, og gir alle Olex-brukarar tilgang til felleldata. Distribusjon av dette utstyret og data skjer internasjonalt. Dataomfanget blir detaljert og enormt, men berre tilgjengeleg for dei som er villige eller har evne til å betale for det. -også i områder der kartverket allereie har gjort ei kartlegging i offentlig regi (for skattebetalaranes rekning), men der data ikkje kan offentleggjerast.

Nye krav og forventningar frå regjeringa

I Nasjonale forventningar til regional og kommunale planlegging, (vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015) skal fylkeskommunane og kommunane:

- basere planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikre nasjonale og viktige regionale interesser.
- ha ei aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar; sikre ei heilskapleg planlegging der ein ser verknader for naturmangfaldet i samanheng for større område og fleire tiltak.
- drive framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse. Regional og kommunal arealplanlegging er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane. Samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn. Planlegginga må også sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona.

Gjeldande plan- og bygningslov opnar for planlegging i ulike vertikalplan, og det er høve til å gje føresegner om bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn



og det er store forventningar til planlegging på tvers av kommune- og sektorgrenser for å styrke grunnlaget for verdiskaping og næringsutvikling.

Dette krev at vi har detaljert kunnskap om landskapet under sjøoverflata i større område, uavhengig av kommunegrenser.

Stortingsmelding om vekst i havbruksnæringa (lagt fram 20. mars 2015)

Regjeringa vil innføre eit heilt nytt system for regulering av vekst i oppdrettsnæringa. Vekst skal styrast gjennom ein handlingsregel, miljøindikatorar og inndeling i produksjonsområder. I dette arbeidet er kunnskap om djupne, straum og naturmangfald avgjerande for å treffe dei riktige vala.

Ein masterplan for marin forskning (lagt fram 1. september 2015) Marin sektor er svaret på mange av de utfordringane verda står overfor: Behovet for auka matproduksjon, nye energi kjelder og det grøne skiftet. Norge kan konkurrere i verdstoppen innan havbaserte næringar. Då må vi bli betre til å prioritere midlane til forskning, og sørge for at forskinga munnar ut i innovasjon og næringsutvikling, anten det handlar om å modernisere den tradisjonelle fiskeindustrien, utvikle ei berekraftig oppdrettsnæring eller å utvikle heilt nye næringar basert på ressursar frå havet, har fiskeriminister Elisabeth Aspaker uttalt. Det heilt avgjerande at vi har detaljert kunnskap om dei kystnære områda våre for å kunne oppnå dette!

Regjeringa starter no arbeidet med ei ny stortingsmelding for bærekraftige byar og sterke distrikt (Kommunal- og moderniseringsdepartementet)

Det skal utviklast ein felles politikk for bærekraftige byar og sterke distrikt.

Distrikta er rike på naturressursar som mat og sjømat, mineralar, petroleum og andre råvarer. Byane er sentre for service, utdanning, distribusjon og logistikk. Auka verdiskaping og utvikling av fleire arbeidsplassar krev meir kunnskap om ressursgrunnlaget. Ei betre kartlegging av kystområda vil danne grunnlaget for å opparbeide denne kunnskapen.

Konklusjon

- Kunnskap om havbotn gjer kommunane i stand til ei meir kunnskapsbasert planlegging i sjøområda, og opnar for vertikalplanlegging.
- Kunnskap om djupne, straum og naturmangfald er avgjerande for å få på plass eit nytt system for regulering av vekst i oppdrettsnæringa.
- Detaljert kunnskap om dei kystnære områda våre er viktig grunnlag for forskning (Masterplan for marin forskning).
- Ei betre kartlegging av kystområda vil danne grunnlaget for å opparbeide kunnskap om ressursgrunnlaget for å auka verdiskaping og utvikling i distrikta.
- Det er etterkvart mange aktørar som har utstyr til å gjennomføre djupnemålingar med multistråleekkolodd, og nettverk bidrar til at data lar seg distribuere internasjonalt. Det er svært uheldig for offentleg forvaltning at Kartverket som samlar inn og forvaltar offisielle djupnedata, ikkje kan distribuere desse fordi forsvaret har bestemt at detaljerte djupnedata innafor territorialgrensa ved 12 nautiske mil er skjermverdig, og skal graderast.

Med bakgrunn i dette ber «Prosjekt Marine grunnkart i Sogn og Fjordane», om eit breitt samla initiativ for at dei graderte djupnedata vert frigitt til dette interkommunale prosjektet.